



Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

Medio januar - februar 2024

Forfattar Jørn Lier Horst kjem til Valle

Tysdag 16.01.24

Dette blir kriminelt bra! Han er ein svært godt likt forfattar for både barn, unge og vaksne.

Detektivbyrå nr 2, Operasjons-serien og Clue-serien har mange lesarar. Det er også laga film av Clue-bøkene. Horst er på skulen frå kl. 09:30-kl. 12:00. Der møter han elevar i 1.-4. og 5.-7. klasse.

Ungdom og vaksne som likar krim og spenning kan komme kl. 19:00 til Sæbyggjen. Enkel servering, inngang gratis om du er under 25 år!

Bli medlem i Folkeakademiet så får du denne kvelden med på kjøpet! Vanleg pris er kr. 200,-



Kommunalt utdanningsstipend – søknadsfrist 15. februar

Jf. Retningslinene pkt. 5, kan dei som deltek på halvårsstudie (VÅR) søkje om halvt stipend innan 15. februar. I tillegg er det høve for dei med fullt år med utdanning, som ikkje rakk å søkje innan fristen i fjor, å søkje og få halvt stipend no.

Kommunestyre gjorde vedtak i desember om at kvar søkjar kan få tildelt stipend inntil åtte gonger utan aldersavgrensing og det er gjeldande frå denne søknadsomgangen.

Elektronisk søknadsskjema ligg tilgjengeleg på heimesida frå utlysingsdato til dagen etter fristen har gått ut.

For skuleåret 24/25 er søknadsfristen 1. oktober og vil bli lyst ut i god tid før.

Retningslinene og søknadsskjema finn du på våre heimesider.

Ved spørsmål kan de ta kontakt med Gunn Marith Homme på e-post:

gmh@valle.kommune.no eller telefon 91837000.



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER

Straumstøtte til næringslivet for perioden 1.9 – 31.12.2023

Valle kommunestyre vedtok den 28.06.2023, sak 39/23 å vidareføre den lokale straumstøtteordninga for næringslivet. Eige skjema er no klart, og søknadsfristen er sett til 28. januar 2024. Straumstøtteordninga held fram for heile næringslivet i Valle kommune perioden 01.09.2023 - 31.12.2023. Straumstøtta skal tilsvare den statlege ordninga for privatpersonar. For privatpersonar utgjør ordninga 90 % av straumprisen over 91,25, øre/kWH inkl. moms basert på straumprisen den timen du nyttar straumen.

Viktig!

Den statlege ordninga vart endra frå 1.9.23 og vert no rekna ut på grunnlag av straumprisen time for time, og ikkje den månadlege snittprisen som tidlegare.

Søklar må difor leggje fram grunnlag/ utrekning som gjev kommunen eit grunnlag for å finne rett støttenivå som svarar til den statlege støtta for privatpersonar.

Opptak til barnehageåret 2024-2025

Søknadsfrist er 1.mars.

Valle kommune har eitt hovudopptak til barnehagane. Alle med rett til plass, skal få det dersom de søker innan fristen 1. mars. Ved søknad utanom hovudopptak, blir det tildelt plass dersom det er ledig kapasitet.

Det har dei siste åra vore stor auke i barnetal i barnehagane. Derfor ber vi om at alle som veit at de treng barnehageplass i løpet av 2024-2025, søker plass allereie ved hovudopptak. Dato for oppstart vel de sjølv i søknaden.

De finn søknadsskjema på heimesida til kommunen eller ved å følgje lenka: <https://foresatt.visma.no/valle>



**Frist for innsending til Bygdenytt
for Mars er 25. Februar.
Send til sentralbord@valle.kommune.no**



SONG FOR ALLE

Stad: Spelestoga

Tysdag kl. 1100-1200

Velkomen til uformell allsongstund i Spelestoga
for vaksne som liker å synge.

Anna Slaby Driel leiar songen og vi syng med den stemmen vi har!

Arr. Kultur og fritid, Valle kulturskule



BABYSONG - MUSIKK I BYRJINGA AV LIVET

Måndag kl. 1100-1140

Vi ønskjer deg og babyen din velkomne
til koseleg musikkstund i Sæbyggjen!

Ved Anna Slaby Driel, tlf. 467 89 532.

Arr. Kultur og fritid, Valle kulturskule

UKRAINA

Dersom du har sekker du vil sende til UKRAINA må dei leverast på Nomeland bedehus seinast 17. februar kl.10.00

Det er fint om du vil støtte med kr.50 pr. sekk til fraktutgifter.

Du kan sjølvsagt støtte med penger om du ikkje har noe å sende.

Kontonr.2890 11 25289

Vipps.593767

merk med Ukraina

Dette går til Klippen i Bykle ,som vidersende det til Open Heart

VIKTIG: Kontakt alltid Astrid Nomeland ,tlf. 91148355 før du setter ned ein sekk


VALLE IL INFORMERER



DAMETRIM

Torsdager kl. 19-20:30 dametrim i Hylestad gymsal, til påske.

Damer i alle alder er hjarteleg velkomne til dametrim med ei blanding av stretching, yoga og styrkeøvingar.



Årsmøte Valle Mållag

Tysdag 20. februar klokka 18.00 inviterer Valle Mållag til årsmøte i kyrkjestoga i Sæbyggjen i Valle sentrum. Det blir vanlege årsmøtesaker og enkel servering. Frist for innkomne innlegg er tysdag 06. februar.

Spørsmål og eventuelle framlegg sendast til leiar Kristian Thaule på e-post: thaulekristian@gmail.com

Alle er velkomne, og me håpar du tek turen.

Beste helsing styret i Valle Mållag.





FRITIDSBADING



OG BADSTOVE

tysdagar veke 42-veke 19

Tidspunkt, bading og badstove:

	BASSENGET	BADSTOVA
Familiar	kl. 1600-1830	1600-1800
Vaksne	kl. 1830-2100	
Menn		kl. 1800-1930
Damer		kl. 1930-2100

Barn under 12 år kan ikkje bade åleine på familiebadinga, men må vere saman med ein person på minst 16 år som har ansvar for barnet under bading. Barn og unge over 12 år kan bade åleine, og det er då foreldra sitt ansvar at barnet er symjedyktig.

Praktiske opplysingar:

- Hugs dusj & såpe før bading/badstove .
- Maks. 25 i bassenget samtidig.
- Dersom kø er det inntil 30 minutt bassengtid / 20 minutt i badstova.

Prisar (gjeld også når du berre nyttar badstova):

Betal gjerne for bruk av badstova før du går i garderoben.

Vi bed om at du betaler med Vipps, dersom mogeleg.

	Enkeltbilletter:	Årskort:
Barn inntil 16 år	Kr 20	Kr 300
Ungdomar vgs-alder	Kr 30	Kr 400
Vaksne	Kr 45	Kr 700
Familiekort	Gratis	Gratis

Dersom ikkje anna blir annonsert er bassenget stengt i skuleferiane.



Godt Nyttår til alle.

Program til Dagsenteret for våren er under planlegging. Jan/Feb er ikkje fastsatt endå, så følg med på Pleie og omsorgsida.

Har du ikkje moglegheit til det, så kan du ringe oss på Dagsenteret og høyre kva som skjer.

Vi er på tlf 94504448

man/tys 8-14 og ons kl.8-9

Dagsenter Kafeen er open kvar onsdag 1030-1400. Skyss kan du få ved å ringe onsdagene mellom 8-9.

All underhaldning som Dagsenteret har er gratis.

Andre priser er:

Middag m/suppe evt dessert kr. 77,-

Kaffe/kake kr. 10,-

Drosje kr. 10,-

Bingobrett kr. 20,-

Kom gjerne med forslag til kva du som gjest ynskjer at skal vere av underhaldning.

Dagsenteret ynskjer alle gamle og nye hjarteleg velkomne til sosialt samvær.

Helsing oss på Dagsenteret.



Gunnar Stubseid og Stina Brandin spelar han Williams på dagsenteret onsdag 7.februar kl.1100-1200.

BLUESKONSERT I SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE

FREDAG 9. FEBRUAR KL. 1900

V/Bluespastoren Jon «Rev.John» Ultvedt

Den tidlegare pastoren og Colombia misjonæren Jon Ultvedt har turnert i 20 år aleine eller med eige band.

Velkomen til å høyre på eit fyrverkeri av song og musikk. Har blant anna turnert med «Udødelige Aage-sanger i New Orleans stil»

Du får sjokolade og kaffi før konserten!

Inngangspengar kr. 100,- Vi har Vipps og terminal

Arr: Fjellkyrkjelaget



KVINNEFROKOST

Nomeland Bedehus laurdag 10.februar kl.10.00.

Det blir andakt ved prest Kristina Røynås Grundetjern.

Song og utlodding

ALLE kvinner er hjarteleg velkomne til et hyggeleg samvær!

ALPHA KURS

Bykle , Valle og Hylestad sokneråd arrangerer Alphakurs. Eit kurs for å lære og samtale om tru og tvil.

Oppstart 25.januar og kvar torsdag framover til 11 april.

Det går over 11 kveldar pluss ei helgesamling 1.- 2. mars.

Stad: Bykle kyrkje, kan tilpassast deltakarane.

Kurset er gratis, men med høve til å gi gåve til arbeidet.

Påmeldingsfrist -innan 8.januar 2024 til :
post@valle.kyrkja.no

Denne fristen er ikkje absolutt, så bare ta kontakt fram mot oppstart

Kontaktperson : Toralv Frøysaa Lie tlf 92 62 83 37

KVA ER ALPHA?

ALPHA kurs- FELLESSLKAP, LÆRE OM KRISTEN TRU, TVIL

Alpha er eit kursopplegg der du kan utforske tru, stille spørsmål og dele synspunkt. Kvar samling tek opp ulike spørsmål rundt tru, og er laga for å skape samtale. Kvar samling tek opp eit tema og ein samtale.

Samlingane starter med eit måltid mat. Deretter blir det vist ein film på ca 30 min. som går i djupna på dei store tema rundt tru og dei kristne grunnprinsippa. Sentrale spørsmål: Kven er Jesus, Korleis leier Gud og Korleis og kvifor kan eg be?

Ein deler opp i små grupper der ein deler tankar og idear om emnet som blei vist på filmen. Det er ingen plikt å seie noko, og det er ingenting ein ikkje kan seie.

KYRKJA I JANUAR OG FEBRUAR

HYLESTAD KYRKJE

Gudstjeneste 14.januar kl 11:00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad

Gudstjeneste 11. februar kl 16:00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad

ANDAKT PÅ VALLE BYGDEHEIM

24.januar kl 11:00

21. februar kl 11:00

VALLE KYRKJE

Gudstjeneste 28. januar kl 16:00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad

Gudstjeneste 25. februar kl 11:00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad

Er det nokon av innbyggjarane i Valle som kan tenke seg til å stille som kyrkjevert av og til? Då kan du melde deg til :
post@valle.kyrkja.no

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle,

tlf. 480 696 94,

e-post: Post@valle.kyrkja.no

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda



Bygdekinoen

MÅNDAG 15. januar



Kl. 1700 - alle. Bukkene Bruse på badeland

Du har sikkert hørt eventyret om de tre Bukkene Bruse som skulle til seters for å gjøre seg fete? I denne helsprø versjonen av eventyret gidder ikke de tre Bukkene å dra til setra nok en gang. Det blir alt for mye styr med trollet. I år skal de på Badeland! Samtidig legger det skrubbsultne Trollet en plan, sammen med sine utspekulerte kråkevenner vil han forsøke å overraske Bukkene med alskens skitne triks. Vil de tre Bukkene til å klare å komme seg til badeland uten å bli spist?



Kl. 1900 – 12 år. Konvoi

Sommeren 1941 virket Hitlers krigsmaskin ustoppelig. Etter å ha underlagt seg store deler av Europa, invaderte Tyskland nå Sovjetunionen. De allierte ble tvunget til å hjelpe. Konvoier av lasteskip ble fylt til randen med krigsmateriell og begynte den farefulle ferden fra Island til Murmansk og Arkhangelsk. I Konvoi følger vi et norsk lasteskip på den dramatiske reisen. Under ferden splittes konvoien og de blir overlatt helt til seg selv. Uten noe form for militær bakgrunn står mannskapet nå ansikt til ansikt mot den tyske krigsmaskinen i det iskalde Nordishavet. Under ustoppelig angrep kjemper det unge mannskapet en kamp med livet som innsats for å få lasten frem, få en slutt på krigen og komme hjem.

MÅNDAG 29. januar



Kl. 1700 - 6 år. Ender på eventyr.

En overbeskyttende andefar lar seg overtale av familien til å dra på deres første familieferie - og dermed forlate den trygge dammen de bor i. Men reisen mot varmere strøk går ikke helt som planlagt.



Kl.19 – 9 år. Mean Girls

Cady er den nye jenta på skolen, og finner veien inn i den mest populære klikken, The Plastics, med Regina George i spissen. Tilværelsen blir utfordret når Cady faller for kjekkasen Aaron, Reginas eks-kjæreste.

MÅNDAG 12.februar og MÅNDAG 23.februar

Ikkje annonsert

Kjøp gjerne kinobillett, og sjå komande filmar på www.bygdekinoen.no.

Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.

Film er best på kino - støtt din lokale kino!

Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!

Kva skjer?

Valle.kommune.no/kalender

12.01 Kl. 1600	Jolebasse på museet
13.01 Kl. 13	Akebrett-konkurranse i Brokke
14.01 Kl. 16	Basseng er opent, og open hall for dei ønskjer det
15.01 Kl. 17	Bygdekinoen
16.01 Kl. 16	Familiebading/Fritidssymjing
16.01 Kl.19	Forfattar Jørn Lier Horst kjem
23.01 Kl.13	Karetreff i Kyrkjestoga
23.01 Kl.16	Familiebading/Fritidssymjing
25.01 Kl.19	Årsmøte Valle AP
28.01 Kl. 16	Open hall, eigenstyrt aktivitet
29.01 Kl. 17	Bygdekinoen
30.01 Kl-16	Familiebading/Fritidssymjing
03.02 Kl.12	Hinderløype, turn og fotball
06.02 Kl. 16	Familiebading/Fritidssymjing
07.02 Kl.13	Gunnar Stubseid og Stina Brandin spelar Hank Williams
09.02 Kl. 19	Blueskonsert skafsåheii fjellkyrkje
10.02 Kl. 10	Kvinnefrukost nomeland bedehus
10.02 Kl. 13	Barnas solfest i Brokke
12.02 Kl. 17	Bygdekinoen
13.02 Kl. 13	Karetreff i kyrkjestoga
13.02 Kl. 16	Familiebading/Fritidssymjing
20.02 Kl. 1800	Årsmøte Valle mållag
26.02 Kl. 17	Bygdekinoen
27.02 Kl. 16	Familiebading/Fritidssymjing
01.03 Kl. 14	Kvinnenes internasjonale bønnedag, Nomeland bedehus